

Vedlegg 2

Tidligare budsjettvedtak og omtaler i årsrapporter (SVV 19.08.19)

Prioriterte prosjekt med løyving i 2012

Fv 567 – Hosanger sentrum, Osterøy

Det er sett av 15 mill. kr. i 2012 og 2013 til omlegging av vegen gjennom Hosanger sentrum, jf. Vedtak om handlingsprogrammet i fylkestinget 9. desember 2009. Overslaget på 15 mill. må kvalitetssikrast. For å sikre oppstart av prosjektet i 2012 vart det gitt ei løyving på 1,0 mill.kr. i 2011 til prosjektering og grunnerverv. Av desse midlane vert kr.0,57 mill. overført til prosjektet i 2012. Prosjektet er noe forsinka grunna utfordringar med reguleringsplanen. Det vert utforma detaljert byggeplan ved konsulent våren 2012 og grunnerverv/prosjektering vil starta opp.

Handlingsprogram fylkesvegnettet 2013/2014 -2017

Hosanger sentrum (Osterøy kommune)

Føremålet med prosjektet er å avlaste Hosanger sentrum for gjennomgangstrafikk og utbetre /trafikksikre vegen. Tiltaket er prioritert gjennom plan- og byggeprogram (programområdet "Mindre utbetringar/til rådvelde") i 2011 og 2012 (endeleg handsaming i fylkestinget 13. mars 2012), men vert foreslått flytta opp som strekningsvis prosjekt i handlingsprogrammet for 2013/2014-2017 på grunn av størrelsen. Tiltaket, som ligg på det øvrige fylkesvegnettet, har ei ramme på 16 mill kroner og det er forventa anleggsstart i løpet av 2012.

Plan og byggeprogram 2014:

Fv 567 - Hosanger Sentrum, Osterøy

Føremålet med prosjektet er å avlaste Hosanger sentrum for gjennomgangstrafikk og utbetre/trafikksikre vegen. Tiltaket er prioritert gjennom plan- og byggeprogram (programområdet "Mindre utbetringar/til rådvelde") i 2011 og 2012 (endeleg handsaming i fylkestinget 13. mars 2012), men vert foreslått flytta opp som strekningsvis prosjekt i handlingsprogrammet for 2013/2014-2017 på grunn av størrelsen.

Tiltaket hadde ei ramme på 16 mill. kr. Grunnundersøkingar viste i 2013 at det er behov for meir fyllmassar enn føresett. Det er også naudsynt å skifte ut ei gamal bru som ikkje har kapasitet nok til å leie vatn i periodar når det regner mykje. Nytt kostnadsoverslag viser at dei totale kostnadane vert på 45,3 mill. kr (inkludert auke i meirverdiavgift).

Det vert bruk ca. 5 mill. kr i 2013. Det er behov for 30 mill. kr i 2014 til tiltaket. Dette utgjer 29 mill. kr fylkeskommunale midlar og 1 mill. kr tilskot frå det lokale næringslivet. Dei resterande 10,3 mill. kr vert løyvd i 2015.

Plan og byggeprogram 2015

Fv. 567 - Hosanger Sentrum, Osterøy

Føremålet med prosjektet er å avlaste Hosanger sentrum for gjennomgangstrafikk og utbetre/trafikksikre vegen og ei bru. Det vart gjort kostnadsoverslag på tiltaket i 2013 med ein venta kostnad på vel 45,3 mill. kr. I 2013 vart det brukt vel 2,3 mill. kr., og i 2014 vert det brukt vel 6 mill. kr.

Fylkesrådmannen set opp restløyving på 38 mill. kr i 2015. Av desse er 1 mill. kr eit tilskot frå Osterøy industrilag.

Plan og byggeprogram 2016

Fv 567 Hosanger sentrum, Osterøy

Føremålet med prosjektet er å avlaste Hosanger sentrum for gjennomgangstrafikk og utbetre/trafikksikre vegen og ei bru. Det er svært därlege grunnforhold i området. Det er og därleg fjell i skjeringane og dette fører til meirarbeid med sprenging og sikring. Det kommunale kartgrunnlaget for kommunale leidningar og kablar var därleg, og kartlegging av dette forsinka framdrifta noko. Samla kostnadsoverslag for tiltaket er 56 mill. kr. Det vart nytta 4 mill. kr i 2014, prognosene for 2015 er omlag

29 mill. kr og behovet er 23 mill. kr i 2016. Prosjektet vil truleg komme så langt at det vert ferdig asfaltert i 2015, men grøfter, grøntareal og sluttrekning kjem i 2016.

Årsrapport 2013:

Fv 567 Hosanger sentrum: Det er eit mindreforbruk på 2,7 mill. kr. Tiltaket hadde ei løyving på 11,5 mill. kr, men denne vart redusert til 5 mill. kr i fylkestinget i juni. Ein reduserte løyvinga sidan prosjektet var forseinka. Forseinkringa skuldast kompliserte geotekniske undersøkingar i prosjekteringsarbeidet, som gjorde det klart at det var naudsynt å gjere mykje meir enn tidlegare tenkt. Det må leggast meir steinmassar enn føresett, og ein bør skifte ut ei gamal bru. Det vart og klart i 2013 at totalkostnadane for prosjektet vert mykje høgare. Prosjektering pågår og planlagd utlysning vert medio mars 2014. Truleg vert det planlagd start ultimo august 2014.

Årsrapport 2014

Fv 567 Hosanger sentrum: Det er eit mindreforbruk på 2 mill.kr i 2014. Prosjektet er forseinka grunna blant anna at kvaliteten på reguleringsplanen og grensesnitt mot private tilgrensande utbyggingsplanar har vore utfordrande å finne ei god løysing på. Dette er no løyst og prosjektering og grunnerverv pågår. Forventa fysisk oppstart i løpet av 2. kvartal 2015.

Årsrapport 2015

Fv. 567 Hosanger sentrum

I 2015 vart det eit meirforbruk på prosjektet fordi entreprenøren fikk utført meir arbeid. Det står att restarbeid, som er venta ferdig i juni 2016.

Årsrapport 2016

Fv. 567 Hosanger sentrum

Vart det i 2016 eit meirforbruk på 3,2 mill. kr. Prosjektet er ferdigstilt og sluttoppgjer med entreprenør er ferdig. Totalkostnadane for prosjektet vart nær 55 mill. kr. Årsaka til at kostnadane vart noko høgare enn kostnadsoversлага, var at kvaliteten på steinmassane i fjellskjeringa var dårlegare enn føresett. Det var og utfordringar knytt til at kommunale kart ikkje hadde god oversikt over kablar og rør i området.